



## Rekneskapsrapport pr. mars 2026

Saksbehandlar:  
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivsaksnr.:  
25/24395

JournalpostID:  
26/27311

<b>Saksnr:</b> 47/2026	<b>Utval:</b> Bjørnafjorden formannskap	<b>Dato:</b> 23.04.2026
---------------------------	--	----------------------------

### Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mars 2026 til orientering.

Bjørnafjorden, den 24.03.2026

Arild McClellan Steine  
Kommunedirektør

**Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:  
BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 23.04.2026**

**Behandling:**

Saka blei behandla etter sak 37/2026

**Votering:**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei heva for lunsj kl. 11:02

**Vedtak:**

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mars 2026 til orientering.

**Samandrag:**

Prognose pr mars viser at kommunen kan få eit meirforbruk på ca. 13 mill. kr i 2026. Vi har likevel von om at prognosen vil kunne bli redusert ut over året etter kvart som prosjekta i Innsatstrappa får effekt. Målet om å tilpasse driftsnivået til budsjettet ligg fast, men rekneskapsprognosen vil først bli redusert når driftsnivået faktisk viser ein nedgang. Samtidig er det teikn på at ein del ytre omstende vil kunne få negativ effekt på kommunen sin økonomi framover, dette gjeld m.a. finans, inflasjon og lønsoppgjer. Dette er postar vi vil kome tilbake til i komande rapportar.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gir styringsinformasjon om den økonomiske situasjonen i kommunen.

Klima:

Saka har ikkje konsekvensar for klima eller miljø.

Folkehelse:

Saka har ikkje konsekvensar for folkehelsa.

**Saksutgreiing:**

**OM RAPPORTEN**

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr mars for løn-intensive einingar er ca. 27%. Kolonnen Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventa meir-/eller mindreforbruk i forhold til budsjett ved årsslutt. Minus i prognose-kolonnen betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

## **FRIE INNEKTER**

Årsprognose: Frie inntekter ser ut til å gå i balanse i 2026.

Frie inntekter omfattar rammetilskot frå staten, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter.

Frå 2026 er ordninga for innbetaling av forskotstrekk endra. Ordninga med skattetrekkkonto er avvikla og arbeidsgivarar skal i staden betale inn forskotstrekk til Skatteetaten fortløpande etter lønsutbetaling. Forskotstrekk for november og desember 2025 blir betalt etter gamal ordning, det vil seie i januar 2026. Dette inneber at skatteveksten, særleg i starten av året, blir veldig høg samanlikna med fjoråret. For Bjørnafjorden er skatteveksten pr februar på 119,7%. For kommunane samla er skatteveksten 109,6% for februar. Pr mars er skatteveksten for kommunen redusert til 26,9% medan talet for kommunane samla er 20,5%.

Andre generelle inntekter består av inntekter frå havbruksfondet, integreringstilskot for flykningar og rentekompensasjon frå Husbanken. Det er budsjettert med 20 mill. kr i inntekt frå Havbruksfondet. Utbetaling er venta i oktober. Rentekompensasjon frå Husbanken er budsjettert med 3,5 mill. kr og kjem i slutten av desember. Integreringstilskot for flykningar er budsjettert med 51,7 mill. kr og blir utbetalt pr kvartal.

## **FINANS**

Årsprognose: Finans vil truleg gå i balanse i 2026.

Rentenivået ligg pr no høgare enn det som blei lagt til grunn i budsjettet. Det inneber at det i år kan bli høgare renteutgifter enn budsjettert. Inflasjonstala var høgare enn venta i starten av året, og som følgje av det amerikanske åtaket på Iran ser vi aukande prisar på olje og gass. Høgare energiprisar vil kunne redusere den økonomiske veksten globalt og samstundes løfte prisveksten. Medan det i starten av året var aktuelt med ein reduksjon i styringsrenta til sommaren, er det no sannsynleg at styringsrenta blir satt opp. Som følgje av dette vil kommunen truleg få høgare renteutgifter enn budsjettert, men og renteinntektene vil auke. Kommunen sin likviditet har styrka seg i det siste, og 100 mill. kr er i starten av mars overført frå kommunen sin driftskonto til rentefond for plassering av overskotslikviditet (kortsiktig finansportefølje). Dette vil vonleg bidra til høgare finansinntekter. Korleis den langsiktige finansporteføljen vil utvikle seg er det vanskeleg å spå om. Konflikten i Midtausten pregar òg aksjemarknaden, men det er regionale skilnader på korleis konflikten slår ut, i alle fall på kort sikt. Pr. mars var avkastninga på den langsiktige finansporteføljen negativ med 0,8 mill. kr.

I løpet av våren/sommaren vil administrasjonen gå gjennom balansen for å vurdere avskrivningstida på anlegga som følgje av endringa i budsjett- og rekneskapsforskrifta og sjølvkostforskrifta. Lengre avskrivningstid vil gje lågare årlege avskrivningar og reduserte årlege minimumsavdrag. Det er tatt omsyn til dette forholdet i budsjettet, men basert på overslag. Det må og gjerast endringar i låneporteføljen for å tilpasse den til nytt minimumsavdrag. Eit meir sikkert overslag over korleis forskriftsendringane vil slå ut, vil kome i 2. tertialrapport 2026.

## **FELLESOMRÅDE**

Årsprognose: Fellesutgifter vil truleg gå i balanse i 2026.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Folkevalde organ ser så langt ut til å gå i balanse.

Pr no ser Fellesutgifter ut til å gå i balanse. Den største budsjettposten gjeld dekking av utgifter til årets lønsoppgjjer, og utgiftene til det har svinga ein del dei siste åra. Det er sett av 42 mill. kr til årets lønsoppgjjer i 2026. Det er kome oppjusterte tal for løns- og prisvekst, og dette kan medføre at lønsoppgjjeret, og dermed reguleringspremien, blir høgare enn lagt til grunn i budsjettet.

Premieavviket i 2025 blei positivt med 50,4 mill. kr. Beløpet må utgiftsførast i 2026. Det blei i årsoppgjjeret for 2025 sett av 50,4 mill. kr på eige disposisjonsfond til å dekke utgiftene i 2026.

Det er budsjettert med 65,6 mill. kr i bruk av premiefond i år. Også 2025 var eit godt år for pensjonsleverandørane ettersom det var god avkastning i finansmarknadene. Dette gjer at kommunen vil få tilført meir inn på premiefondet i 2026 enn det som er budsjettert brukt i år.

## **STAB**

Årsprognose: Stab vil kunne få meirforbruk i år.

Kommunen har fått melding om ein kraftig auke i prisane på Microsoft Office lisensar. I 2023 gjekk kommunen inn i ein avtale som låste prisane i tre år. I denne perioden har Microsoft satt opp prisen fleire gonger for kundar utan slik avtale. Microsoft har og fjerna ei rabattordning for kommunesektoren (15-20% rabatt). No går fastprisavtalen vår ut, og kommunen har fått varsel om prisauke på ca. 2,6 mill. kr.

Det er framleis permisjonar og sjukdom i Stab som vil resultere i mindreforbruk på løn. Dette vil kunne dekke noko av den varsla prisauken, men neppe alt. Vi må kome tilbake til beløp vedr meirforbruket i tertialrapporten når vi veit litt meir om korleis sjukdomsforløp m.v. utviklar seg.

## **OPPVEKST**

Årsprognose: Oppvekst ser ut til å gå i balanse i 2026.

På skuleområdet er dei økonomiske rammene stramme. Det blir meldt balanse samla sett. Nokre skular har gått inn i 2026 med eit for høgt driftsnivå og "drar dette med seg" utover våren, men det blir arbeida systematisk for å ta ned drifta frå nytt skuleår. Det blir arbeida med omstilling og justeringar inn mot nytt skuleår.

Det høge driftsnivået i enkelte skular skuldast uheldige klassedelingstal, elevar med store hjelpebehov og konkrete oppfølgingstiltak knytt til elevutfordringar. Sjukefråværstala har gått ned fleire stader, men enkelte einingar meldar om at høgt fråvær ei er av årsakene til utfordrande økonomi. Vi har fleire barn som treng tettare oppfølging av vaksne enn det vi hadde for få år sidan.

Prognosen er prega av fleire usikkerheitsmoment, mellom anna:

- Noko høg driftsnivå i enkelte skular (knytt til sjukefråvær, utfordringar i elevgruppa)
- Endringar i elevgruppa med store hjelpebehov
- Vekst i tal elevar som treng tettare oppfølging og usikkerheit knytt til auka behov i elevgruppa samla.
- Elevtal for komande skuleår og ugunstige klassedelingstal

Alle einingane i Familiens hus driftar innanfor den økonomiske ramma.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Barnevernstenesta melder balanse. Talet på institusjon og i beredskapsheim er stabilt. Vi har 6 barn på institusjon, men betaler for ca. 7.5 pga. ekstra bemanning. Vi har ungdommar i MST tiltak og omfattande private tiltak som kan ende med institusjonsplassering. Budsjett kan bli krevjande å halde dersom vi får fleire på institusjon. Det er planlagt ei utflytting frå institusjon i sommar.

Det blir meldt balanse på Førebyggande helseteneste. Som tidlegare varsla har det vore endringar knytt til det statlege tilskotet vi har motteke frå Helsedirektoratet. Den nye ordninga ein kan søke på vil bli tilgjengeleg i april og Oppvekstområdet vil søkje om midlar for å oppretthalde tenestene på dagens nivå. Vi veit førebels ikkje korleis den nye tilskotsordninga vil slå ut for vår kommune.

Eining for barn, unge og familiar meldar balanse. Utekontakten er frå 2026 finansiert via kommunen sine egne budsjett. Vi har søkt og fått eksterne midlar til fagleiar (500 000) til oppsøkjande team (Raudt tema) i 2026.

Usikkerheitsmoment i prognosen:

- Tal institusjonsplasseringar
- Ny tverrsektoriell tilskotsordning "Kommunalt forebyggings-program for barn og unge" som skal erstatte fleire av dei tilskotsordningane vi har hatt tidlegare. Usikkert korleis dette slår ut for vår kommune

Barnehageområdet melder samla sett om balanse per mars. Samstundes viser prognosen eit samansett bilete, med både mindreforbruk og utgiftsvekst på ulike delområde. Fleire av dei kommunale barnehagane har vakante stillingar og utfordringar med å få tak i vikar noko som noko som gjer at vi har ei varsla mindreforbruk. Det blir kontinuerleg arbeida for å rekruttere tilsette.

Opptaket til barnehageåret 2026/2027 er ein usikkerheitsfaktor for prognosen. Samla sett er det ein viss vekst i tal barn for dei kommunale barnehagane, samstundes som enkelte barnehagar opplever nedgang i barnetalet. Dette gir behov for tilpassing av bemanninga framover og dette blir følgt opp. Det kjem meir informasjon om barnehageopptaket i Tenesteutvalet og i tertialrapporteringa.

Samanlikna med 2025 er det ei lita vekst i utgifter knytt til tilrettelegging etter § 37 i barnehagelova. Det er venta ein samla meirforbruk på om lag 0,7 mill. kroner, med atterhald om at det framleis er noko uvisse knytt til nye vedtak.

Per mars syner prognosen for tilskot til private barnehagar eit forventet meirforbruk på om lag 0,8 mill. kroner samanlikna med budsjett. Her er det knytt særleg uvisse til barnetalet ved oppstart av barnehageåret 2026/2027.

Prognosen er prega av fleire usikkerheitsmoment, mellom anna:

- vidare utvikling i vedtak om tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp
- tal på gjestebarn til og frå andre kommunar og endeleg avrekning av desse
- barnehageopptaket for barnehageåret 2026/2027.

#### Oppsummering tiltak:

Innsatstrappa er eit sentralt utviklingsarbeid for å sjå tenestene i samanheng og sikre at vi løyser oppgåvene så "langt nede i trappa som mogeleg". Alle tenestene i oppvekst er involvert i dette arbeidet. Vi har tru på at dette vil bidra til endra ressursbruk, men dette utviklingsarbeidet krev tid og kapasitet å gjennomføre.

Utover dette blir det arbeida med følgjande tiltak - gjeld heile oppvekstområdet:

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

- Tett dialog med einingsleiarane for å sikre kontroll på drifta. Det er stort fokus på å halde budsjett og kostnader nede i heile organisasjonen.
- Gjennomføring av stillingskontroll og behovsanalyse før tilsetjingsprosessar
- Sjukefråværsoppfølging i einingane
- Eininga søker om fritak frå arbeidsgjevarperioden for kronisk sjuke
- Det blir arbeida med å hente inn uteståande refusjonar for sjukmelde
- Innkjøp: kun nødvendig utstyr
- Gjennomføre omstillingsprosessar
- Arbeid i arbeidsmiljøgruppene (AMG)

På skuleområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Det blir arbeida med prosjekt knytt til reduksjon i skulefråvær i Innsatstrappa
- Konkret gjennomgang med kvar skule som ligg på for høg forbruksprosent i høve budsjett.
- Det er fleire komplekse og samansette vanskar hos elevane. Skuleeigar har, saman med skuleleiingane og aktuelle fagteneste, ein grundig gjennomgang av behova, og det blir arbeida både på system og individnivå for å finne gode løysingar som òg sikrar berekraftig økonomi.
- Gjennomgang i personalgruppa om organisatoriske endringar for å hindre overforbruk

I Familiens hus blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Utvikling av ulike gruppetilbod i Familiens hus med tanke på å nå fleire utan at det blir for ressurskrevjande for organisasjonen.
- Etablering av "Raudt team" som ein del av Innsatstrappa.

På barnehageområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Det blir arbeida med Tidleg Innsats 0-6 år i Innsatstrappa.
- Fortsette arbeidet med at alle vedtak §37 skal vurderast ilag med vedtak §31 opp mot prinsippet å kunne gje kvart enkelt barn eit heilskapleg tilbod.
- Sikre at ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) blir nytta i alle barnehagar

## HELSE OG VELFERD

Årsprognose: Helse og velferd kan få eit meirforbruk på ca. 13 mill. kr i 2026.

Buffer på kr 15 mil som vedteke i budsjett for 2026 ligger på fellesområdet og er ikkje nytta til å dekke meirforbruk i einingane, men gir utslag på prognosen.

Det er fortsatt tidleg på året og prognosen er difor usikker.

Ein er godt igang med arbeidet kring innsats- og bustad trappa og dei underliggende delprosjekta. Pr mars mnd er drifta ved dei ulike einingane på same nivå som dei var i 2025. Ein har ein forventning om å sjå effekt av dei ulike tiltaka i prosjekta gjennom året.

Luranetunet bu og behandlingssenter ligger an til ein prognose jf. drift i 2025. Gjennom prosjektet dimensjonering av institusjon og reduksjon av sengeplassar forventar ein effekt i løpet av året. Målet er at ein skal halde 30 sengeplassar ledige på dei to institusjonane for å sikre endringskapasitet og redusere kostnader jf. kommunestyrevedtak 30.10.25. Plan for

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

reduksjon har vært jobba med over tid og ein har eit mål om at ein i løpet av hausten skal oppnå målet.

Prognose viser no ein positiv effekt ved Fusa bu og behandlingssenter, der ein har hatt reduksjon på drifta gjennom store delar av 2025. Ein forventar og sjå same effekten gjennom året med redusert drift også ved Luranetunet bu og behandlingssenter.

Det er knytt noko usikkerheit til tiltaket, da ein skal sikre fagleg forsvarlege tenester og dermed måtte ville gje vedtak om institusjonsplass for dei som trenger det. Prosjektet heng tett saman med prosjektet dimensjonering av heimetenester. Ei teneste vi allereie no ser det er ei auke i vedtak og brukarar. Heimetenesta i Os ligger an til eit høgt meirforbruk i 2026 som er tilsvarande driftsnivå i 2025. Det blir jobba med å få på plass eit faktabasert analysegrunnlag så ein kan følgje utviklinga i denne delen av tenesta.

Tilrettelagte tenester melder om ei stor auke i behov av avlastingsopphald og ligger difor an til eit meirforbruk. Prognose er justert ned med kr 1 mil pr mars mnd.

Nav melder om eit forventa meirforbruk kring auke i utgifter til livsopphald. Dette er ei samanheng med kostnadsveksten ein ser i bustadmarknaden og høge husleigeprisar.

Det er fortsatt usikkerheit knytt til refusjonsbeløpet for Ressurskrevjande tenester i 2025, men her kan det komme meir inntekter enn det som var bokført i 2025 og dette beløpet blir då ei meirinntekt i 2026.

Ein ser ei auke i betaling for utskrivningsklare pasienter som blir liggande på sjukehus. Her er det pr. mars ført kr 750.000. Dette er ei urovekkande utvikling som gjeld dei fleste kommunane i Bergensregionen. Gjennom prosjektet Dimensjonering institusjon jobbar ein med å sjå på korleis ein kan bygge opp eit tilbod for å kunne ta imot pasientar til eit vurderingsopphald når pasientar er meldte utskrivningsklare. Dette med mål om å sikre rett teneste til rett pasient, samt å få talet på liggedøgn.

Dei siste åra har vi også sett at kostnader til programvare lisensar og samarbeidsavtaler (med andre kommunar) har auka monaleg. Her er det fare for eit meirforbruk.

Fleire av einingane melder om eit høgt sjukefråvær noko som og påverkar prognosebiletet.

### **Avdeling forvaltning og koordinering:**

Til tross for utfordringar kring auke i tenestemottakarar og auke i lisenskostander så ser det ut som om eininga skal gå i balanse.

### **Legevakt og legetenester:**

Til tross for utfordringar kring drifta ved Osøyro legesenter og ser det ut som om eininga samla sett skal gå i balanse.

Osøyro legesenter har gjennom 2025 arbeidd systematisk med å normalisere og tilpasse drifta ved legekantoret. Per i dag er det tre faste fastlegar ved kontoret. I tillegg er det knytt til ein fjerde lege for å styrke robustheita i drifta, då det ikkje vert vurdert som forsvarleg å drive legekantoret med berre tre legar over tid.

Pasientgrunnlaget ved kontoret er per no for lågt til å kunne drifte legekantoret som næringsdrift. Det vil ta tid å byggje opp pasientlister, rutinar og organisering slik at kontoret får eit berekraftig grunnlag for økonomisk forsvarleg drift som privat legekantor.

**Nav:**

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Eininga melder eit forventa meirforbruk på kr 1 mil. Dette knytt til auke i utgifter til kvalifiseringsordninga og sosialhjelp.

#### **Tilrettelagte tenester:**

Eininga ligg an til eit meirforbruk på kr 1 mil. Dette ser ein i samanheng med auke i vedtak kring avlastingstilbod til born og unge. Avdelinga klarar ikkje ta imot vekst innafør tilgjengelege rammar.

Fleire av avdelingane rapporterer om eit høgt sjukefråvær, noko som og har betydning for prognosebiletet.

#### **Psykisk helse og rustenester:**

Eininga ser ut til å gå i balanse til tross for auka leasingkostnader og brukarvekst innan dei ambulante tenestene.

#### **Luranetunet bu og behandlingssenter:**

Eininga ligger an til eit meirforbruk på kr 19 mil. Dette er på nivå med drifta i 2025. Eininga rapporterer om ei auke i brukarbehov og komplekse sjukdomsbilete noko som førar til at ein ikkje klarar å levere fagleg forsvarlege tenester med planlagt bemanning.

Det planleggast no for reduksjon av drift noko som truleg vil ha betydning for den økonomiske utviklinga gjennom året.

Nokre avdelingar rapporterer om eit høgt sjukefråvær.

#### **Heimetenester Os:**

Eininga ligg an til eit meirforbruk på kr 8 mill. Dette er på nivå med driftsnivået i 2025. Ein opplever ei auke i brukarar til tenesta. Eininga rapportere og om eit høgt sjukefråvær som og har betydning for prognosebilete. Ein klarar ikkje gi fagleg forsvarlege tenester med dagens grunnbemanning og må ta inn ekstra tilsette på fleire vakter.

#### **Fusa bu og behandlingssenter og heimetenester:**

Til tross for utfordringar med rekruttering og fortsatt behov for innleige i heimetenestene ser det ut som om eininga får eit mindreforbruk på kr 1 mil. Dette visar effekt av at eininga har hatt redusert drift gjennom store delar av 2025.

#### Oppsummering tiltak :

- Stillingskontroll kvar veke for gjennomgang og drøfting av alle ledige stillingar.
- Månadlege økonomimøter med einingsleiar og økonomirådgjevar.
- Oppfølging av tiltak i delprosjekta gjennom prosjekteigar og styringsgruppa
- Fokus på nærværarbeid og sjukemeldingsoppfølging.

Sektoren jobbar med å revidere forsvarlegheitsindikatorane og har sett ned ein arbeidsgruppe. Ein ser eit behov for å sjå dette arbeidet i ei større samanheng med interkonkontrollsystemet og deriblant risikoanalysar. På denne måten vil ein i større grad sikre den "røde tråden" i arbeidet.

I alle delprosjekta jobbast det med gevinstarbeid med mål om å identifisere gevinstar og sikre gevinstrealisering.

For å følge utviklinga og trenden innan heimetenestene jobbast det med å få på plass eit faktagrunnlag som kan danne grunnlag for analyser der ein kan følge utviklinga.

## **SAMFUNNSUTVIKLING**

Årsprognose: Samfunnsutvikling ser ut til å gå i balanse i 2026.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

## Prosjekteininga

Prosjekteininga har eit svært lågt driftsbudsjett, så mindre endringar gjer store utslag. Det er heller ikkje revidert mhp personell som er flytta frå Samferdsle &VA eininga.

Noko lønnsutgifter er med på rapporten, det er ikkje budsjettet med lønn på grunn av dei vert fordelt på prosjekta, fakturert eksternt for eller må dekkast av andre einingar medarbeidarar har utført arbeid for.

## Innbyggarservice

Lønnsbudsjettet ser ut til å gå i balanse. Ei 100% sjukmelding er ikkje erstatta, og det vil bli nokre ekstraavgifter i form av overtid og ekstrahjelp.

Forbruksprosenten er høg fordi to store kostnader er betalt i sin heilskap i starten av året. I tillegg vil inntekter frå sjølvkostområda først bli vist i desember.

## Plan og Byggesak

### Plan

Ein forventar at lønnskostnadene vil ende om lag på budsjett med den bemanninga ein har pr. mars.

På driftsutgifter har ein vanlegvis lite utgifter, men har i år ein stor budsjettpost knytt til konsulentutgifter opp mot arbeid med Kommuneplan (eiga løyving for budsjettåret 2026). Her legg ein til grunn at alle desse midlane vil bli brukt.

Bekymringa for eininga er inntektene på sjølvkostområdet for private reguleringsplanar. Her må ein ha inntekter på om lag 5,3 millionar for at ein skal oppnå balanse. I fjor var inntektene 3,9 millionar og det er høgst usikkert om nivået vil auke i 2026. Som følg av dette er det lagt inn eit forventa årsavvik på 1 million pr. mars, men det må presiserast at dette er eit veldig usikkert estimat.

### Byggesak

Det har vore fortsatt høg aktivitet på byggjesaker i starten av 2026, og avdelinga ligg godt an til å nå budsjetterte inntekter. Ein har derfor god tru på å unngå meirforbruk i 2026. Dette sjølvkostområdet har dessutan eit sjølvkostfond som kan dekke noko av eit eventuelt meirforbruk. Eininga melder dermed balanse pr. mars.

### Kart og Oppmåling

Vi har ei stilling ute i foreldrepermisjon og denne er ikkje erstatta. Dermed sparer vi truleg om lag 700.000 på lønnskostnader i 2025.

På inntektssida reknar vi med å få noko meir inntekter på kartsal. Estimert til om lag 200.000. Problemet, og den store usikkerheita, er inntekter frå sjølvkostområdet. Her er ein heilt avhengig av kva oppdrag som kjem inn. Pr. mars er inntektene om lag på nivå med fjoråret, som då enda på 4,1 mill. Budsjettet er 5,2 millionar, så med mindre oppdragsmengda tar seg opp utover i året vil det bli vanskeleg å nå budsjettet. Pr. mars legg vi til grunn eit avvik på inntekter på 900.000 slik at eininga totalt sett rapporterer balanse.

### Landbrukskontoret

Økonomital for perioden blir påverka av at vi berre får utbetaling frå samarbeidskommunane to gonger i året. Det gjev eit skeivt bilete i periodar mellom innbetalingane. Vi har ikkje sett i verk endringar i drift eller tiltak ut over det som allereie ligg i budsjettet. Prognosen for året er i tråd med revidert budsjett. Vidare er det behov for enkelte medarbeidar å jobbe overtid grunna arbeidsmengda i samband med KPA.

## **Kultureininga**

Som tidlegare år har støttekontakttjenesta ei underfinansiering i forhold til tal vedtak tenesta handterer. I 2025 førte dette til eit meirforbruk på om lag 2 millionar. Talet på brukarar og vedtak er minst like høgt no, så dette meirforbruket vil truleg også vera der i 2026.

## **Brann**

Det ligg framleis eit uspesifisert nedtrekk på 2 mill. kroner. Det vil verte fremja politisk sak om innsparingstiltak på Brann og redning, men denne vil uansett ikkje gi heilårseffekt i 2026.

Det er så langt identifisert eit avgrensa innsparingspotensial, men dette føreset ei gjennomgang av utrykkingar til kommunale bygg og at ein lukkast med å redusere omfanget.

Samla vurdering er at det er krevjande med innsparingskravet på 2 mill. kroner og at det fyrst og fremst er politisk sak som vil avgjere korleis årsrekneskapen kan bli.

## **Eigedom Drift**

Ein ligg an til å spare litt på lønn grunna sjukelønsrefusjonar. Estimert til om lag 1 million.

Det store problemet er knytt til dei høge straumprisane vi har sett gjennom vinteren. Dersom dette nivået varer ut året risikerer vi å bruke om lag 4 millionar meir på straum enn budsjettet.

Med eksisterande husleigeavtalar vil ein forvente at budsjettet vil bli nådd. Men det må nemnast at saka om gjengs leige vil kunne gi meirinntekter ut over budsjett når desse endringane trer i kraft. Her forventar ein meirinntekter på 1,5 millionar i 2026.

## **Samferdsle**

Det har gått 9 millionar kroner til vinterdrift dei tre første månadene, budsjettet er på 10,2 mill. Sesongen er no over og beredskapen startar opp igjen i november.

## **Vatn og Avløp**

Det er ennå tidleg på året, så det er stor usikkerheit kring rapporterte avvik. Likevel er det grunn til å tru at gjennomgangen av VA-anlegg, med tanke på økt avskrivningstid, samla sett vil gi vesentleg lågare avskrivningar og at sjølvkostområdet dermed kan få eit overskot. Sidan området har eit framførbart underskot blir ikkje dette overskotet sett av på fond og vil framstå som eit mindreforbruk i rekneskapen.

Inflasjonstala i starten av året tyder på at kalkylerenta for 2026 kan bli høgare enn antatt i budsjettet. Pr. mars vil truleg kalkulatoriske renter kunne bli 6,5 mill. høgare enn budsjettet for sjølvkostområdet Vatn og Avløp. Dette blir likevel kompensert av at kostnadene ligg an til å bli lågare enn budsjettet og at inntektene ser ut til å bli godt over budsjettet. Dermed er prognosen at området går i balanse.

## Privat slamtømming

Etter at privat slamrømming var ute på eit nytt anbod, ser det dessverre ut til at kostnadene ved slamrømming blir dyrare i åra som kjem. Kostnadene vil overstige gebyrinntektene, som i 2025. Det er grunn til å forvente gebyrauke dei neste åra som følg av dette.

Eit underskot er framførbart og kan hentast tilbake i år med overskot.

## **Kalkulatoriske postar - sjølvkost**

Det er ennå tidleg på året, så det er ennå usikkert korleis dei kalkulatoriske postane endar. Ikkje minst fordi det gjenstår å vurdere VA-anlegg opp mot dei nye avskrivingsreglane som trådte i kraft i 2026.

Inflasjonstala i starten av året tyder på at kalkylerenta for 2026 vil bli langt høgare enn antatt i budsjettet. Truleg vil dette føre til kostnader for VA-området på om lag 6,5 millionar. Dette vil då vise som meirinntekt på området for Kalkulatoriske postar.